



Møre og Romsdal
fylkeskommune

HOFSETH AQUA AS
Havnegata 11
6005 ÅLESUND

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		2021/4350 - 39635/2021	Rebekka Varne, 71 28 03 51	10.03.2021

Svar på oppmoding om parallellbehandling av akvakultursøknad Raudbergvika i Fjord kommune

Viser til oppmoding om parallellbehandling av akvakultursøknad om landbasert akvakultur mottatt 08.02.2021 .

Fylkeskommunen tek oversendt notat om parallellbehandling etter akvakulturlova og plan- og bygningslova til orientering, og vi har gjort ei vurdering av parallellbehandling for akvakultursøknad Raudbergvika.

Møre og Romsdal fylkeskommunen meiner det skal vere ein høg terskel for parallellbehandling av akvakultursøknader, og vi vil gjere ei totalvurdering av kvar enkelt situasjon. Det ligg i dette tilfellet føre nødvendig samtykke frå Fjord kommune, som er lokal planmyndigheit.

Akvakultursøknaden er vurdert som eit tiltak som vil krevje konsekvensutgreiing for tiltak, jf. forskrift om konsekvensutgreiingar. Det same gjeld for omreguleringa av arealet, der konsekvensutgreiing er under arbeid.

Møre og Romsdal fylkeskommune vil sende akvakultursøknaden til orientering til sektormyndigheitene for å få deira vurdering om det er behov for tilleggsdokumentasjon som ikkje ligg føre i søknaden i dag. Vi vil også be dei vurdere om dei har behov for vurderingar som ligg i konsekvensutgreiinga som er under arbeid for omreguleringa av arealet.

Med bakgrunn i tilbakemeldingar frå sektormyndigheitene, vil vi ta søknaden til behandling når vi vurderer den som komplett. Vi ser det ikkje som nødvendig at det ligg føre ny reguleringsplan, men vi kan måtte vente til konsekvensutgreiinga for ny reguleringsplan ligg føre.

Vi gjer merksame på at eit løyve etter akvakulturlova i eitkvart fall ikkje er gyldig før arealet er planavklart, altså at omreguleringa er ferdig behandla.

Med helsing

Birgit Aarønæs
seksjonsleiar

Rebekka Varne
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur